

Stranda skule

Svein Ove Hammersland
Tveitane 4
5379 STEINSLANDDato: 11.06.2014
Vår ref.: 2014/12157-14
Saksbehandlar: elsaa01
Dykkar ref.320:

Tilskot folkehelse og nærmiljøkvaliteter - Standa skule Sund kommune 2014

Vi viser til søknaden dykkar datert 24.03.14. Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 65 000,- til prosjektet SFO og nærmiljøkvalitetar «Opparbeide tarzan/aktivitetssløype» ved Stranda skule.

UTBETALING

Beløpet vert overført så raskt som råd etter de har fylt ut og sendt inn vedlagt akseptskjema. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetaling skal betalast attende snarast.

VURDERINGSGRUNNLAG

Hordaland fylkeskommune fekk i 2014 kr 516 800,- til fordeling frå Helsedirektoratet. Det kom inn 8 søknadar innan fristen. Vi ser at vilkår og kriterier for tildeling er oppfylt for dykkar prosjekt, og etter ei samla skjønsmessig vurdering får de tilsegn.

Søknaden er delvis innvilga med slik grunngeving.

Prosjektet har tydelige nærmiljømål, med god kommunal forankring og med brei deltaking frå ulike aktørar i nærmiljøet. Prosjektet har knytt til seg mange aktørar frå kommunen, vidaregåande skule, FAU ved skulen, frivillig og privatsektor. Tiltaket på skulen sitt nærrområde er også knytta til startpunktet for eit større folkehelseprosjekt i kommunen som opnar for deltaking frå barn, unge, vaksne og eldre. Gjennomføringsplanen for opparbeiding av området er realistisk. Prosjektet har overføringsverdi til andre kommunar, særleg arbeidet med å knyte utvikling til skuleområdet til eit anna større kommunalt prosjekt. Ein ønskjer å gjere delar av skuleområdet universelt utforma med andre midlar. Stranda skule har søkt om kr 90 000 til utarbeiding av uteområdet og innkjøp av apparat. Det vert gjeve delvis prosjektstøtte med kr 65 000. Grunngevinga for dette er at totalsummen det er søkt om for alle prosjekta ligg lang over den økonomiske ramma. Prosjektet ved Stranda skule er i form og innhald i tråd med fleire prosjekt frå andre skular som vektlegg utvikling av gode uteområde rundt SFO. Tildelte midlar til dei andre prosjekta er i tråd med tildelinga til Stranda skule.

PROSJEKTGRUNNLAG OG ORGANISERING

Målet med prosjektet er i fylgje søknad Opparbeide tarzan/aktivitetssløype ved Standa skule. Kontaktperson for prosjektet: Rektor Svein-Ove Hammersland

Godkjend finansieringsplan

Hordaland fylkeskommune 2014, budsjettområde Folkehelse – midlar frå helsedirektoratet	kr	65 000
Annan finansiering inklusive eigeninnsats og dugnadsinnsats (50%)	kr	32 500
Sum	kr	97 500

Evt: Beskjed om at budsjett ikkje godkjend og nytt må ettersendast før tilsegn utbetalast.

VILKÅR FOR TILSKOT

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen så raskt som mogleg, og seinast **innan 3 veker**.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan.
- Tilsegnsmottakar skal levere rapport og sluttrekneskap som nemnt under.
- Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Midlane skal nyttast i løpet av 2014. Ved ubrukte midlar, ta kontakt innan **30.11.14**.

Rapportering og sluttrekneskap

Seinast innan **10. desember 2014** skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport og sluttrekneskap (sjå vedlegg) samt rapport med måloppnåing til Utviklingsseksjonen ved Hordaland fylkeskommune.

Sluttrapporten skal kort seie noko om fagleg måloppnåing: Sjå vedlagt rapport skjema

Kontroll

Mottakar av midlane skal gjere greie for interne og eksterne kontroll tiltak som skal sikre korrekt rapportering og måloppnåing (til dømes interne kontroll aktiviteter, intern revisjon, autorisert revisjon/ikkje autorisert revisor). Krav om revisorkontroll fell vekk når tilskotsbeløpet er mindre enn kr 100 000.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingreglement §10.

Klage/innsyn i dokumenta

Behandling av søknadar i tilskotsordninga vert ikkje sett på som enkeltvedtak, og i fylgje Forvaltningslova § 2, første ledd bokstav a og b, er det ikkje klagerett.

Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson Else-Marie Aarø, tlf 55378029, e-post else-marie.aaro@hfk.no

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Else-Marie Brobakke Aarø
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Akseptskjema
Sluttrekneskapsskjema
Fagleg rapportering (grunnlagsdokument for evaluering)

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Laila Klemetsaune

